



Ullensvang
kommune



Norsk institutt for kulturminneforskning

Til innbyggjarar

Kva for kulturarv har betydning for deg?

Som del av kunnskapsgrunnlaget for **felles kulturmiljøplan for nye Ullensvang kommune** ønskjer kommunen å få vite kva innbyggjarane meiner er viktig kulturarv.

Vi oppmodar difor til å arrangere gjestebod – ein uformell samankomst der ein person inviterer ein eller fleire gjestar for å diskutere dette fritt og ope. Gjestane kan vera vener, familie, medelevar, kollegaer, styremedlemmar, naboar, osb. Kven som skal inviterast, og når de skal treffast, avgjer de sjølve – anten det er heime, på kafé, ute på tur, på eit lagsmøte, på skulen, arbeidsplassen eller ein annan stad.

Diskusjonstema:

Vi ber dykk snakke saman og oppsummere svar på desse spørsmåla:

1. Kva stader, landskap, bygningar, aktivitetar eller tradisjonar kjenneteiknar grenda di og/eller Ullensvang?
2. Kva er heilt unikt med grenda di og/eller Ullensvang?
3. Kva er det finaste ved omgivnadene – og kva ville du vist fram til gjester?
4. Korleis bør Ullensvang sjå ut om 50 år? Kva kvalitetar bør vi ta vare på?
5. Er det stader, landskap, bygningar eller tradisjonar som er umisselege og som må takast vare på? Kva meiner du dette er?

